

SAK 03/24 BEREDSKAPSSAMARBEID I HALLINGDAL**Saksopplysning:**

Dei siste åra har beredskapen i kommunane vorte sett på prøve meir enn nokon gong før. Kommunane har vore gjennom mange skarpe oppdrag og etter kvart vorte gode på kriseleiing og krisehandtering. Etter Hans som herja i august har innsatsen vorte evaluert og sjølv om ikkje rapportane er ferdige endå kan me slå fast at mykje gjekk bra og som alltid er det mogeleg å bli endå betra.

I denne saka blir Regionrådet invitert til å drøfte forbedringspunkt innanfor det regionale beredskapssamarbeidet.

Vurdering:

Svært mykje av det arbeidet som vart gjort under pandemien, under brannen i Hemsedal, på dødsulykka på Torpo eller under Hans vart løyst på ein framifrå måte. Evalueringsrapportane som snart er ferdige tek i stor grad for seg den kommunale innsatsen. Dagleg leiar meiner at Hallingdal med fordel burde vurdere kva me kunne gjort betre eller annleis også på det regionale nivået.

- Har kommunane planar for å overta for kvarandre under langvarige kriser. Kan ein eller fleire i kriseleiinga i ein kommune overta ein annan kommune om det skulle bli naudsynt?
- Bør kommunane ha beredskapsplanar og/eller ROSanalyser med lik oppbygging?
- Kunne me hatt eit betre system for øving og samvirke mellom kommunar?
- Kunne me hatt eit betre system for samhandling med andre regionale aktørar?
- Har me like krisehåndteringssystem i alle kommunar og er desse øvd med?
- Har me god nok oversikt over regionale ressursar og utstyr
- Har me tilstrekkeleg innsikt i kommunikasjonsmoglegheitene i dalen

Forslag til vedtak:

Regionrådet ber kommunedirektørutvalet vurdere om det regionale beredkapsarbeidet kan styrkast basert på dei erfaringane som kommunane sit med etter Hans og andre katastrofer.

Hallingdal, 19. januar 2024

Jan Olav Helling
Dagleg leiar